



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Ungdomsundersøkinga

Helse, miljø, skule og livsstil
i Sogn og Fjordane 2011-2015

Kartlegging av elevar i 6., 8. og 10. klassesetrinn i Sogn og Fjordane



Ungdomsundersøkinga

Helse, miljø, skule og livsstil i Sogn og Fjordane 2011-2015

Kartlegging av elevar i 6., 8. og 10. klassetrinn i Sogn og Fjordane

Denne rapporten presenterer viktige resultat frå undersøkinga 2015, samt utvikling over tid for utvalde variablar gjennom prosjektet sine tre kartleggingsår: 2011, 2013 og 2015.

Rapporten er forfatta av:

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Askedalen 2, 6863 Leikanger

Telefon: 57 63 80 00

E-post: post@sfj.no

www.sfj.no

Publiserst april 2017.

Ved spørsmål kan du ta kontakt med:

Rådgjevar for folkehelse i næring og kultur avdelinga eller rådgjevar for statistikk og analyse under plansjefen i fylkesrådmannen sin stab.

Innhold

Introduksjon	3
Ungdomsundersøkinga, helse, miljø, skule og livsstil	3
Andre publikasjonar	4
Metode	4
Datagrunnlag	4
Analyse	5
Resultata	6
Bakgrunnsinformasjon	6
Oversikt på kommunenivå	7
Familieøkonomi	8
Fysisk aktivitet	10
Sjølvpoplevd helse	13
Oppfatning av eigen kropp	16
Nøgd med livet	19
Lyst til å forandre ting i livet	22
Einsemd	25
Positiv sjølvopfatning	28
Rusmiddelbruk	31
Tobakk – røyk og snus	31
Alkohol	35
Referansar	39
Vedlegg	40
Vedlegg 1 – Kommuneoversikt	41
Vedlegg 2 – Kommuneoversikt på klassetrinn 2015	42
Vedlegg 3 – Kommuneoversikt per kjønn 2015	43

Introduksjon

Barn og unge er viktige målgrupper for folkehelsearbeidet. Mykje av grunnlaget for livsmestring vert skapt i barne- og ungdomstida. I barnehage og skule vert barn og unge påverka når det gjeld kjensle av mestring og, i nokon grad, levevanar. Denne påverknaden tek dei med seg inn i vaksenlivet (Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2015) (Breidablik, 2014).

Det er godt dokumenterte samanhengar mellom utdanningsnivå, materielle levekår og helse. Låg formell utdanning eller fråfall i vidaregåande skule kan gje problem knytt til levekår og livsmestring seinare i livet. Det er difor viktig at barn og unge har eit godt oppvekst- og læringsmiljø. Mestring, deltaking og glede er med på å fremje læringsevna hos barn og ungdom (Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2015) (Breidablik, 2014).

Helsefremjande verksemd inneber ei brei og generell tilnærming, som gjeld dei fleste samfunnssektorar, og som ofte tek sikte på å påverke både enkeltindivid og heile folkesetnaden sine levekår og livskvalitet (deltaking, trivsel og mestring i ein sosial kontekst).

Folkehelsearbeidet går føre seg innan alle samfunnssektorar, og kommunane har eit særleg ansvar for dette arbeidet. Fylkeskommunen skal støtte og vere ein pådrivar i høve folkehelsearbeidet, og sjå til at ein også får fram kunnskap og oversikt over sentrale faktorar som påverkar folkehelsa på lokalplanet (Breidablik, 2014).

I Regional plan for folkehelse 2015-2025 i Sogn og Fjordane er helsefremjande oppvekstmiljø i heim, barnehage og skule identifisert som eit av fem satsingsområder for folkehelsearbeidet i fylket (Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2015). Det er derfor av særleg interesse å skaffe seg oversikt over situasjonen for born og ungdom innan helse, miljø, skule og livsstil. Data kan brukast til å samanlikne situasjonen mellom ulike stader og vise utviklinga over tid.

Ungdomsundersøkinga, helse, miljø, skule og livsstil i Sogn og Fjordane med kartlegging i 2011, 2013 og 2015 er eit verdifullt datamateriale til å beskrive situasjonen for barn og unge i fylket (Breidablik, 2014).

Ungdomsundersøkinga, helse, miljø, skule og livsstil

Ungdomsundersøkinga, helse, miljø, skule og livsstil i Sogn og Fjordane er ei omfattande spørjeundersøking som har hatt til formål å kartlegge folkehelsesituasjonen for born og unge i fylket. Kartlegginga skjedde i 2011, 2013 og 2015, og ungdomsundersøkinga vart avslutta i 2015.

Undersøkinga var eit samarbeidsprosjekt mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Universitetet i Bergen. Prosjektleiar var professor Eivind Meland ved Institutt for global helse og samfunnsmedisin, Universitetet i Bergen. Hans Johan Breidablik, tidlegare fagdirektør i Helse Førde HF, var prosjektmedarbeidar og har bidrege med erfaring frå tidlegare spørjeundersøkingar frå ulike skular. Ytterlegare har dei lokale folkehelsekoordinatorane i fylket, saman med skular og skulehelseteneste, vore sentrale samhandlingspartar i arbeidet med å gjennomføre spørjeundersøkinga (Breidablik, 2014).

Andre publikasjonar

Datamaterialet frå undersøkinga tidligare år er nytta i ei rekke ulik publikasjonar.

Resultata frå undersøkinga i 2013 er presentert i ein rapport forfatta av Hans Johan Breidablik i samarbeid med og finansiert av Sogn og Fjordane fylkeskommune (Breidablik, 2014)¹.

Ytterligere er datamaterialet i skrivande stund nytta i to masteroppgåver og ein vitenskapleg publikasjon (Diset Å, 2014). I tillegg er ein artikkel under review (Diseth Å), og ein annan artikkel er godkjend til publisering (Aanesen F). Ein artikkel er i startfasen som eit samarbeid med ein medisinstudent og forskings-gruppa om utvikling av fysisk aktivitet og idrettsdeltaking. Det er i tillegg tre medisinstudentar som skriv kvar si oppgåve basert på materialet². Datamaterialet er rikt og kan nyttast til fleire oppgåver og vitenskaplege artiklar.

I tillegg finn ein resultata for utvalde variablar på Samhandlingsbarometeret.no.

Metode

Spørjeundersøkinga blei utført tre gonger over seks år blant elevar i 6., 8. og 10. klassesetrinn. Spørjeundersøkinga blei i 2011 gjennomført blant elevar i 6. og 8. klassesetrinn, og i 2013 og 2015 blant elevar i 6., 8. og 10. klassesetrinn. Formålet var at ein kunna følgje nokre av dei same elevane frå 6. klasse til 10. klasse.

Spørjeskjemaet blei fylt ut på skolen i undervisningstida. Folkehelsekoordinatorane i kommunane saman med skular og skulehelseteneste har vore sentrale samhandlingspartar i arbeidet med å gjennomføre spørjeundersøkinga.

Spørjeskjemaet består av 92 spørsmål, og samla sett er det 251 ulike variablar i undersøkinga. Sjå spørjeskjema i rapporten med resultata frå 2013 (Breidablik, 2014).

Datagrunnlag

Spørjeundersøkinga blei gjennomført i kommunane i Sogn og Fjordane fylke.

I tillegg har Sula kommune på Sunnmøre vore med i prosjektet. Resultata derifrå inngår i denne rapport, då dette utvidar samanlikningsgrunnlaget utan å påverke resultata for Sogn og Fjordane samla i nemneverdig grad (Breidablik, 2014).

¹ Etter at Hans Johan Breidablik hadde skrive 2013 rapporten, blei det funne nokre deltakarar som ikkje var med i den opphavlege fila. Derfor er det eit misforhold mellom totalt elevtal i 2013 rapporten og dei elevtal som blir presentert her i denne rapport.

Analyse

Undersøkinga var designa så ein kunna følgje nokre av dei same elevane frå 6. klasse til 10. klasse. Dessverre er omfanget av elevar som har svara ved fleire tidspunkt så lågt, at longitudinelle analysar er vanskeleg. Berre 101 elevar har svara ved alle tre tidspunkta (2011, 2013 og 2015) slik at dei kan følgjast igjennom heile perioden.

1225 elevar har svara både i 2011 og i 2013. Det utgjer 40 prosent av alle som svara i 2011. Grunnen til at det var så få som kunne følgjast over tid, var at det i 2011 ved mange skular blei gjort feil ved registrering av id.nr. Dette førte til at svara frå 2011 ikkje kunne koplast saman med svara frå 2013. Det var tilfeldig kva skular og klassar dette skjedde (Aanesen, 2015).

I denne rapport vil det bli presentert resultat frå undersøkinga i 2015, samt utvikling over tid for utvalde variablar gjennom prosjektet sine tre kartleggingsår.

Følgjande variablar blir presentert i denne rapporten:

- Familieøkonomi
- Fysisk aktivitet
- Sjølvopplevd helse
- Oppfatning av eigen kropp
- Nøgd med livet
- Lyst til å forandre ting i livet
- Einsemd
- Positiv sjølvopfatning
- Tobakk – røyk og snus
- Alkohol

Rapporten presenterer utvalde variablar fordelt på kjønn, klasstrinn og kommune. I dei tilfella der færre enn fem personar har valt eit gitt svaralternativ, blir svara ikkje offentleggjort. Dette for å hindre at einskildpersonar kan bli identifisert.

Det er **ikkje** gjort statistiske testar for å undersøke for signifikante skilnadar mellom grupper, og ein bør vere varsam med å gjere sikre konklusjonar.

I resultatavsnittet under bakgrunnsinformasjon er samla svarprosent berekna ut frå totalt elevtal og elevar som deltok (respondentar). Fordeling av respondentar etter kjønn og klasstrinn er berekna ut frå totalt tal respondentar.

I resten av resultatavsnittet er prosentfordeling berekna ut frå dei respondentar som har svart på dei aktuelle spørsmåla. Under kvar variabel er det ein oversikt over kor mange respondentar som har svart på det aktuelle spørsmål fordelt på kjønn og klasstrinn.

Resultata

Bakgrunnsinformasjon

Totalt er det registrert at 7.473 har gjennomført undersøkinga fordelt på tre år.

Ved kartlegginga i 2011 deltok 2091 ungdommar, om lag 68 prosent av totalt 3075 elevar.

Ved kartlegginga i 2013 deltok 3308 ungdommar, om lag 73 prosent av totalt 4538 elevar.

Ved kartlegginga i 2015 deltok 2074 ungdommar, om lag 50 prosent av totalt 4120 elevar.

	2011	2013	2015
Totalt elev tal	3075	4538	4120
Respondentar	2091	3308	2074
Svarprosent	68 %	73 %	50 %

Datamaterialet i denne undersøkinga gir eit bilete av situasjonen på dei gitte tidspunkta i dei klassane undersøkinga var gjennomført.

Kjønnsfordelinga har vore nesten lik alle 3 åra, med om lag 50 prosent gutar og 50 prosent jenter. Dette tilsvarar den naturlege kjønnsfordelinga i samfunnet.

Fordeling av respondentar etter kjønn	2011	2013	2015
Gut	1030	1687	1062
	49 %	51 %	51 %
Jente	1034	1575	1000
	49 %	48 %	48 %
Har ikkje svart på spørsmålet	27	46	12
	1 %	1 %	1 %

I 2011 var det berre 6. og 8. klassesetrinn som deltok i undersøkinga. 46 prosent av respondentane var på 6. trinn, og 53 prosent på 8. trinn.

I 2013 og 2015 deltok også elevar frå 10. trinn, og det var om lag ei tredeling mellom dei tre klassesetrinna. 10. trinn var litt overrepresentert (36-40 prosent), 6. trinn litt underrepresentert (27-30 prosent), og 8. trinn var på 32 prosent.


I samanlikning av resultata frå dei 3 åra bør ein vere merksam på at tala frå 2011 ikkje inkluderer elevar på 10. klassesetrinn og derfor ikkje er direkte samanliknbare.

Fordeling av respondentar etter klassesetrinn	2011	2013	2015
6. trinn	961	1001	558
	46 %	30 %	27 %
8. trinn	1099	1054	672
	53 %	32 %	32 %
10. trinn	-	1200	839
	-	36 %	40 %
Har ikkje svart på spørsmålet	31	53	5
	1 %	2 %	0 %

Oversikt på kommunenivå

I 2011 deltok elevar frå 20 av fylket sine 26 kommunar², i 2013 frå 25 kommunar, og i 2015 frå 19 kommunar. I tillegg har Sula kommune på Sunnmøre vore med i prosjektet heilt frå det starta i 2011.

I figuren under kan ei sjå korleis deltekande elevar fordeler seg på kommune gjennom undersøkinga over tre år.



² Respondentane blir fordelt etter kva kommune skulen ligg i, og ikkje etter kva kommune ungdommen bur i.

Vi har dessverre ikkje det totale elevtal på undersøkingstidspunktet for kvar einskild kommune, og det er derfor ikkje muleg å berekne kommunale svarprosentar.

Talet på deltakande elevar i nokre kommunar er ganske lite (Sjå vedlegg 1). Dette kan skuldast låg svarprosent, at ikkje alle klassetrinna deltok (Sjå vedlegg 2-3) eller at talet på elevar faktisk er lite fordi kommunen ikkje er større. Resultat frå einskild-kommunar må derfor tolkast med varsemd, og tolkingar på kommunenivå må sjåast i samanheng med talet elevar som ligg til grunn for fordelingane i kvar kommune. I tillegg bør det gjerast vurderingar av eventuelle lokalforhold som kan påverke resultatane i misvisande retning.

I denne rapporten vil vi presentere kommunefordelt resultat frå 2015. Av dei 19 kommunar som deltok dette året, vil vi berre vise resultatane for 17 kommunar. Tal deltakande elevar i Gaular og Gulen kommune samanlikna med dei tidlegare åra er så lite at svarprosenten er for låg til det at det er relevant at sjå på kommuneresultatane. I tillegg vil kommuneresultatane ikkje bli offentleggjort i tilfelle der færre enn fem svara ein gitt respons, av omsyn til moglegheita for å kunne identifisere respondentane.

Familieøkonomi

Nasjonale trendar



På nasjonalt nivå har det i perioden 2005-2014 vore ein auke i born (0-17 år) som bur i hushald med låg inntekt. Sogn og Fjordane har færre unge enn heile landet som bur i hushald med låg inntekt (Folkehelseinstituttet, 2017).

Inntektssituasjonen til familien i barndommen kan vera éin av fleire faktorar som via utdanningsnivå, yrkesval og deltaking i arbeidslivet, set i gang ein spiral der helse og inntekt påverkar kvarandre gjennom livsløpet (Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2014).

Figurane under viser elevane sin eigen- opplevde/rapporterte familieøkonomi. Den nasjonale trend med ein auke i born (0-17 år) som bur i hushald med låg inntekt synes ikkje i tala frå undersøkinga frå Sogn og Fjordane. Svarfordelinga er relativt stabil gjennom dei tre åra.

Samla sett svarar tre av fire elevar at familien har god/svært god råd. Eit lite mindretal på om lag tre prosent opplever ein dårleg familieøkonomi.

Tal frå 2013 og 2015 syner ein tendens til at fleire av dei eldre elevane opplever/rapporterer dårleg familieøkonomi. Det er vanskelig å seie kva årsaka er, men det er ei moglegheit at eldre elevar er meir bevisste familien sin økonomiske situasjon. Det kan også vere at fleire faktisk har dårlegare økonomi. Familien sin økonomiske situasjon kan bli dårlegare over tid, fordi det kostar meir og meir å ha born jo eldre borna er.



Elevar som har svart på spørsmål 11 – kor god råd har din familie?
(Prosent av alle respondentar)

	6. trinn	8. trinn	10. trinn	Total
2011	916 (95 %)	1073 (98 %)	-	1994 (95 %)
2013	941 (94 %)	1019 (97 %)	1172 (98 %)	3141 (95 %)
2015	538 (96 %)	661 (98 %)	827 (99 %)	2031 (98 %)

Fysisk aktivitet

Nasjonale trendar

Målet om 60 min fysisk aktivitet dagleg hjå barn og unge er mykje vist til i internasjonale publikasjonar (Breidablik, 2014).


På nasjonalt nivå viser resultatane frå Ungdata at dei aller fleste unge driver med ein eller anna form for trening gjennom idrettslag, anna organisert trening eller trening på eigen hand. Men, resultatane viser også at det gjennom tenåra er ein viss nedgang i andelen som trener kvar veke, samtidig med at treningsvanane endrar seg (Bakken, 2016).

Forskning viser at det er like mange som trener i dag som for 20 år sidan, men det er mange som er lite fysisk aktive i kvardagen elles. På ungdomstrinnet er det om lag 12 prosent som sjeldan eller aldri trener (Bakken, 2016).



Gutar og jenter har litt ulikt aktivitetsmønster. Gutar trener ofte i idrettslag, medan fleire jenter trener på eigen hand eller driv annan organisert aktivitet. Samla er det omtrent like mange gutar og jenter som trener på jamleg basis (Bakken, 2016).

I gjennomsnitt er det om lag ein av ti i Sogn og Fjordane som fyller målet om minst ein time fysisk aktivitet kvar dag. I figuren under kan ei sjå at fordelt på klassetrinn er det ein svak tendens til at det er fleire av dei yngre elevar som fyller målet om minst ein time fysisk aktivitet kvar dag.


5-8 prosent av alle som har svart, har ikkje vore fysisk aktive nokon av dei siste sju dagane, og 10-12 prosent har berre vore fysisk aktiv i minst ein time ein av dei siste sju dagane. Dette er likt for både gutar og jenter.



Resultata viser likevel ein forskjell på gutar og jenter sitt aktivitetsmønster. Det er om lag same andelar av jenter og gutar som hadde trent minst ein time *ingen* eller *ein* dag. Andelen som hadde trenta minst ein time mellom to og fire dagar er større blant jentene enn blant gutane, medan det var fleire gutar som hadde trenta over fem dagar i veka.



Resultata viser forskjell på aktivitetsmønster i dei ulike kommunar. Kor prosenten av unge som er fysisk aktive minst ein time 6-7 dagar i veka varierer frå 10 til 36 prosent. Prosenten av unge som er fysisk aktive minst ein time 0-1 dagar i veka varierer frå 12 til 26 prosent.



* I dei tilfelle der færre enn fem svara ein gitt respons, vil svaret ikkje bli offentleggjort av omsyn til moglegheita for å kunne identifisere respondenten.

Elevar som har svart på spørsmål 24 - Dei siste 7 dagane, kor mange av desse dagane var du fysisk aktiv i minst 60 min per dag?
(Prosent av alle respondentar)

	6. trinn	8. trinn	10. trinn	Gut	Jente	Total
2011	848 (88 %)	982 (89 %)	-	897 (87 %)	935 (90 %)	1854 (89 %)
2013	821 (82 %)	913 (87 %)	1079 (90 %)	1444 (86 %)	1375 (87 %)	2854 (86 %)
2015	548 (98 %)	660 (98 %)	827 (99 %)	1047 (99 %)	981 (98 %)	2040 (98 %)

Sjølvoplevd helse

Nasjonale trendar


SRH – sjølvoplevd helse er eit universelt mål på eiga helse som er mykje brukt i kartleggingar som representerer både fysisk og mental helsetilstand samt livsstil. SRH predikerer også helsetilhøve seinare i livet. Det er velkjent at den sjølvoplevde helse skil seg mellom kjønna, ved at jenter skårar lægre enn gutar (Breidablik, 2014).



Generelt har befolkninga ein positiv innstilling til eigen helse, og litt fleire unge enn eldre vurderer si eiga helse som god eller svært god. Resultata frå Ungdata viser at fire av ti på ungdomstrinnet er «svært fornøgd» med eigen helse. Det er fleire gutar enn jenter som er fornøgd med eigen helse, og det er ein svak tendens over tid til færre av særleg jentene er fornøgd med eigen helse. Andelen som er fornøgd har nedgang gjennom ungdomstrinnet (Bakken, 2016).

Det er likevel sentralt korleis respondentane oppfattar spørsmålet: «kva meiner du om di eiga helse for tida?». Ei kvalitativ tilnærming blant 10.klassejenter avdekka at intervjuobjekta oppfatta at spørsmålet dreia seg om kosthald og trening. Mental tilstand vart ikkje nemnt av informantane i denne undersøkinga (Norman, 2016).


I figuren under kan ei sjå, at det også i Sogn og Fjordane er ei tendens til at det er færre av elevane på 10. trinn som meiner helsa er svært god i samanlikning med elevar på 6. trinn.

Likeeins er det i Sogn og Fjordane ein tendens over tid til at færre unge meiner helsa deira er svært bra, og fleire meiner den ikkje er heilt god.






Resultata er forskjellig i dei ulike kommunar. Prosenten av unge som svarer at eiga helse er svært god for tida varierer frå 19 til 43 prosent.



Elevar som har svart på spørsmål 26 – Kva meiner du om di eiga helse no for tida? (Prosent av alle respondentar)						
	6. trinn	8. trinn	10. trinn	Gut	Jente	Total
2011	944 (98 %)	1083 (99 %)	-	1014 (98 %)	1017 (98 %)	2056 (98 %)
2013	965 (96 %)	1006 (95 %)	1163 (97 %)	1619 (96 %)	1522 (97 %)	3178 (96 %)
2015	534 (96 %)	656 (98 %)	832 (99 %)	1036 (98 %)	979 (98 %)	2027 (98 %)


Oppfatning av eigen kropp

Under kan ein sjå resultatata per kommune.





Resultata viser ei tendens, kor tilfredshet med eigen kropp faldar opp gjennom ungdomstrinnet. Fleire elevar på 10. Klasse trinn synes kroppen sin er for tynn eller for tjukk samanlikna med elevar på 6. trinn.

Figurane under viser også ei tendens til at andelen om svarar «*eg tenkjer ikkje på det*» aukar over tid frå 2011, til 2015.



Det er markerte kjønnskilnader, kor det blant gutar er nesten like mange som føler seg for tynne som for tjukke. For jenter er det ei markert større prosentandel som føler seg for tjukke enn tynne.






Elevar som har svart på spørsmål 30 – Kva synes du om kroppen din?
(Prosent av alle respondentar)



	6. trinn	8. trinn	10. trinn	Gut	Jente	Total
2011	925 (96 %)	1074 (98 %)	-	1008 (98 %)	995 (96 %)	2028 (97 %)
2013	964 (96 %)	1022 (97 %)	1156 (96 %)	1627 (96 %)	1522 (97 %)	3194 (97 %)
2015	548 (98 %)	656 (98 %)	831 (99 %)	1050 (99 %)	978 (98 %)	2040 (98 %)


Nøgd med livet

Under kan ein sjå resultatata per kommune.



Ungdommen i Sogn og Fjordane er generelt nøgd med korleis dei ha det for tida. Det er ei lita tendens til at elevar på 10. trinn er litt mindre nøgd enn elevar på 6. og 8. trinn. Generelt er gutar oftare nøgd enn jentene.






Elevar som har svart på spørsmål 33a – Set eit kryss for kvar påstand i den boksen som best beskriv kor ofte du har følt deg slik i løpet av den siste veke: Eg er nøgd med korleis eg har det for tida.



(Prosent av alle respondentar)

	6. trinn	8. trinn	10. trinn	Gut	Jente	Total
2011	-	-	-	-	-	-
2013	918 (92 %)	1010 (96 %)	1185 (99 %)	1607 (95 %)	1513 (96 %)	3163 (96 %)
2015	530 (95 %)	654 (97 %)	830 (99 %)	1036 (98 %)	972 (97 %)	2019 (97 %)


Lyst til å forandre ting i livet

Dette spørsmål var berre inkludert i undersøkinga i 2013 og 2015, og det er derfor ikkje resultat frå 2011. Ein av tre har i løpet av den siste veke aldri kunne tenke seg å forandre mange ting i livet. I den annan ende av skalaen er det nesten ein av ti som nesten alltid har i løpet av den siste veke kunne tenke seg å forandre mange ting i livet. Når ein ser på svarfordelinga, er det tydelig skilder mellom jenter og gutar. Kor jenter i større grad kunne tenke seg å endre mange ting i livet.





Under kan ein sjå resultatata per kommune³.



Elevar som har svart på spørsmål 33d – Set eit kryss for kvar påstand i den boksen som best beskriv kor ofte du har følt deg slik i løpet av den siste veka: Eg kunne tenke meg å forandre mange ting i livet mitt.
(Prosent av alle respondentar)


	6. trinn	8. trinn	10. trinn	Gut	Jente	Total
2011	-	-	-	-	-	-
2013	952 (95 %)	1016 (96 %)	1181 (98 %)	1618 (96 %)	1538 (98 %)	3201 (97 %)
2015	528 (95 %)	654 (97 %)	829 (99 %)	1034 (97 %)	971 (97 %)	2016 (97 %)



³ Balestrand kommune er utelaten frå denne oversikten, da det er tilfelle der færre enn fem svara ein gitt respons, og det er moglegheit for å kunne identifisere respondenten.

Einsemd


Prosentdelen som opplever einsemd aukar med aukande klassetrinn. Følelsen av einsemd er mest utbreidd blant elevane på 10. trinn, kor 11-15 prosent veldig/ganske ofte føler seg einsam. I tillegg er det markant fleire gutar (56-61 prosent) enn jenter (39-45 prosent) som har svart at det ikkje hender at dei føler seg einsam.

Over tid er nivået på 6. og 8. klassetrinn relativt stabilt, men frå 2013 til 2015 på 10. trinn er det vesentlege skilnadar. Det er vanskelig å seie kva årsaka til dette er.





Under kan ein sjå resultatata per kommune⁴.




**Elevar som har svart på spørsmål 34 – Hender det at du føler deg einsam
(Prosent av alle respondentar)**



	6. trinn	8. trinn	10. trinn	Gut	Jente	Total
2011	942 (98 %)	1082 (98 %)	-	1012 (98 %)	1016 (98 %)	2053 (98 %)
2013	988 (99 %)	1037 (98 %)	1185 (99 %)	1661 (98 %)	1556 (99 %)	3261 (99 %)
2015	542 (97 %)	657 (98 %)	826 (98 %)	1038 (98 %)	980 (98 %)	2029 (98 %)

⁴ Fleire kommunar er utelatne frå denne oversikten fordi det er færre enn fem som svara ein gitt respons, og det kan vere mogleg å identifisere respondenten.


Positiv sjølvopfatning

Prosentdelen som ikkje har ein positiv oppfatning av seg sjølv aukar med aukande klasstrinn. I tillegg er det markante skilnader mellom kjønna. Fleire gutar enn jenter svarer at dei har ein positiv oppfatning av seg sjølv.





Under kan ein sjå resultatata per kommune⁵.



Elevar som har svart på spørsmål 48 – Kva slags oppfatning har du av deg sjølv? Kryss av kvar av setningane under ettersom du er einig i at dei passer for deg. j) Eg har ein positiv oppfatning av meg sjølv.

(Prosent av alle respondentar)

	6. trinn	8. trinn	10. trinn	Gut	Jente	Total
2011	891 (93 %)	1055 (96 %)	-	970 (94 %)	980 (95 %)	1972 (94 %)
2013	920 (92 %)	992 (94 %)	1155 (96 %)	1604 (95 %)	1470 (93 %)	3117 (94 %)
2015	522 (94 %)	641 (95 %)	820 (98 %)	1021 (96 %)	957 (96 %)	1988 (96 %)

⁵ Fleire kommunar er utelatne frå denne oversikten fordi det er færre enn fem som svara ein gitt respons, og det kan vere mogleg å identifisere respondenten.

Rusmiddelbruk


I følgjande vil det bli presentert resultatane frå ungdomsundersøkinga i Sogn og Fjordane når det gjeld spørsmål om røyk, snus og alkohol.

Tobakk – røyk og snus

Nasjonale trendar


På nasjonalt nivå har andelen røykarar både blant ungdom og vaksne gått markant ned frå årtusenskiftet til i dag. Samtidig har andelen unge som snuser, gått opp, men bruken av tobakk har samla gått tilbake. Tobakksrøyking er langt mindre utbredt blant norske elevar enn blant ungdom i andre land som deltok i ei internasjonal WHO-undersøking. Resultata frå Ungdata viser at ni av ti på ungdomstrinnet aldri har prøvd å røyke sigarettar, og på ungdomstrinnet er det også relativt få som brukar snus (Bakken, 2016).

I Sogn og Fjordane er det 82-90 prosent av elevene på 6., 8. og 10. trinn som ikkje har prøvd røyk og snus. Ei lita gruppe (3-8 prosent) har prøvd både røyk og snus. Av dei som berre har prøvd ein av dei, er snus (4-6 prosent) meir prøvd enn røyk (3-4 prosent).




I 2011 var det flest som ikkje har prøvd røyk og snus, men når vi ser på resultatane fordelt på klasstrinn, skuldast dette med stort sannsyn at undersøkinga i 2011 berre inkluderte unge på 6. og 8. trinn. I figuren under kan ei sjå ein tydeleg tendens til at fleire av dei eldre elevar har prøvd

røyk eller snus.




Resultata fordelt på kjønn viser at fleire gutar enn jenter har prøvd røyk eller snus.



Elevar som har svart på spørsmål 49 og spørsmål 53 – Har du nokon gong prøvd å røyke (minst ein sigarett)? og Har du nokon gong prøvd snus?
(Prosent av alle respondentar)

	6. trinn	8. trinn	10. trinn	Gut	Jente	Total
2011	934 (97 %)	1085 (99 %)	-	1004 (97 %)	1019 (99 %)	2049 (98 %)
2013	945 (94 %)	1041 (99 %)	1186 (99 %)	1643 (97 %)	1536 (98 %)	3224 (97 %)
2015	524 (94 %)	631 (94 %)	796 (95 %)	992 (93 %)	952 (95 %)	1956 (94 %)


Om lag ein av ti har prøvd å røyke sigarettar, men berre ein av hundre svarar at dei røyker kva dag eller kvar veke.



Elevar som har svart på spørsmål 50 – Kor ofte røyker du?
(Prosent av alle respondentar)

	6. trinn	8. trinn	10. trinn	Gut	Jente	Total
2011	940 (98 %)	1087 (99 %)		1007 (98 %)	1024 (98 %)	2057 (98 %)
2013	941 (94 %)	1040 (99 %)	1185 (99 %)	1630 (97 %)	1543 (98 %)	3217 (97 %)
2015	546 (98 %)	653 (97 %)	827 (99 %)	1036 (98 %)	983 (98 %)	2031 (98 %)

Snus er meir brukt enn røyk blant ungdommen. Det er også om lag ein av ti som har prøvd snus, og to til tre av hundre svarer at dei brukar snus kva dag eller kvar veke.



Elevar som har svart på spørsmål 54 – Kor ofte brukar du snus?
(Prosent av alle respondentar)

	6. trinn	8. trinn	10. trinn	Gut	Jente	Total
2011	940 (98 %)	1089 (99 %)		1008 (98 %)	1025 (99 %)	2059 (98 %)
2013	939 (94 %)	1044 (99 %)	1189 (99 %)	1635 (97 %)	1544 (98 %)	3224 (97 %)
2015	541 (97 %)	655 (97 %)	827 (99 %)	1033 (97 %)	983 (98 %)	2028 (98 %)

Alkohol


Nasjonale trendar



I Noreg er det lang tradisjon for å bruke alkohol som rusmiddel. For mange er bruk av alkohol ei symbolsk markering av overgangen frå barn til vaksen, der alkohol er samanvevd med vennskap, flørting og sosialt nettverk (Bakken, 2016).

Kunnskapen seier at ungdom som startar å drikke tidleg i større grad brukar andre tyngre rusmiddel og har antisosial åtferd med økt risiko for kriminalitet, dårleg psykisk helse og trøblete forhold til skolen og foreldre (Bakken, 2016).


Resultata frå Ungdata viser at det er mange unge som drikk alkohol, men dei unge sin bruk av alkohol har flata ut, og frå årtusenskiftet vist tydeleg nedgang i alkoholbruken blant unge (Bakken, 2016).

Tre av ti har prøvd å drikke alkohol. Likeeins som med tobakk er det ein tydeleg tendens til at fleire gutar og fleire av dei eldre elevane har prøvd å drikke alkohol.






Under kan ein sjå resultatata per kommune. Prosenten av unge som har prøvd å drikke alkohol varierer frå 20 til 52 prosent.



Elevar som har svart på spørsmål 57 – Har du nokon gong prøvd å drikke alkohol? (det vil seie øl, vin, rusbrus eller brennevin som t.d. sprit, whisky og likande)
(Prosent av alle respondentar)

	6. trinn	8. trinn	10. trinn	Gut	Jente	Total
2011	936 (97 %)	1078 (98 %)	-	998 (97 %)	1020 (99 %)	2043 (98 %)
2013	940 (94 %)	1028 (98 %)	1189 (99 %)	1632 (97 %)	1531 (97 %)	3208 (97 %)
2015	539 (97 %)	651 (97 %)	815 (97 %)	1018 (96 %)	978 (98 %)	2008 (97 %)

Av dei som har svart at dei har prøvd å drikke alkohol, er det om lag ein av fire som har svart at dei nokon gong har drukke så mykje alkohol at dei har vore skikkeleg rusa (full). Fordelt på klassetrinn er det primært elevar på 10. klassetrinn som har drukke så mykje alkohol at dei har vore skikkeleg rusa.



Referansar

- Aanesen F, M. E. (u.d.). Subjective health complaints in adolescence: the role of self-esteem, stress from schoolwork and body dissatisfaction (innsendingsklar).
- Aanesen, F. (2015). *Kjønnsforskeller i subjektive helseplager i ungdomsårene, en kvalitativ longotudinell undersøkelse med fokus på mulige forklarende variabler (Masteroppgave)*. Høgskulen i buskerud og Vestfold, fakutet for helsevitenskap.
- Bakken, A. (2016). *Ungdata 2016 Nasjonale resultater, NOVA rapport 8/16*. Oslo: NOVA.
- Breidablik, H. (2014). *Helse, miljø, skule og livsstil i Sogn og fjordane 2013. Kartlegging av elevar i 6., 8. og 10. klassetrinn i Sogn og Fjordane (+ Sula kommune, Sunnmøre)*. Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- Diset Å, M. E. (2014). Self-beliefs among students: Grade level and gender differences in self-esteem, self-efficacy and implicit theories of intelligence. *Elsevier Inc.*
- Diseth Å, B. H. (u.d.). Longitudinal relations between perceived autonomy support and basic need satisfaction in two student cohorts (under review).
- Folkehelseinstituttet. (2017). *Folkehelseinstituttet, Kommunehelse statistikkbank*. Henta frå <http://khs.fhi.no/webview/>
- Norman, A.-L. (2016). *Eigenopplevd helsetilstand - er det ulik forståing av omgrepet "helse"?* (Masteroppgåve). . Helse og omsorg i plan, Høgskulen i Volda.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune. (2014). *Kunnskapsgrunnlag - Oversikt over levekår og livsstil i Sogn og Fjordane*. Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune. (2015). *Regional plan for folkehelse 2015-2025, saman for god helse og trivsel*. Sogn og Fjordane fylkeskommune. Vedteken av fylkestinget, 16. juni 2015. Leikanger: Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Vedlegg

1. Kommuneoversikt
2. Kommuneoversikt på klassetrinn 2015
3. Kommuneoversikt per kjønn 2015

Vedlegg 1 – Kommuneoversikt

Respondentar fordelt etter kva kommune skulen legg i			
	2011	2013	2015
Askvoll	64	98	80
Aurland	25	45	44
Balestrand	23	32	28
Bremanger	-	-	-
Eid	98	117	134
Fjaler	34	54	48
Flora	217	373	408
Førde	213	147	291
Gaular	46	101	10
Gloppen	207	138	-
Gulen	58	76	20
Hornindal	-	54	-
Hyllestad	-	53	51
Høyanger	104	127	53
Jølster	74	107	92
Leikanger	40	38	58
Luster	92	175	-
Lærdal	-	82	-
Naustdal	51	81	97
Selje	24	85	49
Sogndal	95	255	219
Solund	-	23	-
Stryn	-	249	220
Sula	194	167	-
Vik	38	82	55
Vågsøy	78	201	110
Årdal	102	133	-
Uklassifisert	214	215	7
Total	2091	3308	2074
- ingen svar i denne kategori.			

Vedlegg 2 – Kommuneoversikt på klassetrinn 2015

2015					
		6. trinn	8. trinn	10. trinn	Total
Askvoll		34	11	34	79
		43,0 %	13,9 %	43,0 %	100,0 %
Aurland		8	20	16	44
		18,2 %	45,5 %	36,4 %	100,0 %
Balestrand		10	5	12	27
		37,0 %	18,5 %	44,4 %	100,0 %
Eid		71	-	63	134
		53,0 %	-	47,0 %	100,0 %
Fjaler		29	-	19	48
		60,4 %	-	39,6 %	100,0 %
Flora		127	147	134	408
		31,1 %	36,0 %	32,8 %	100,0 %
Førde		51	76	164	291
		17,5 %	26,1 %	56,4 %	100,0 %
Gaular		*	5	*	10
		*	50,0 %	*	100,0 %
Gulen		6	7	7	20
		30,0 %	35,0 %	35,0 %	100,0 %
Hyllestad		10	20	21	51
		19,6 %	39,2 %	41,2 %	100,0 %
Høyanger		-	33	20	53
		-	62,3 %	37,7 %	100,0 %
Jølster		22	32	38	92
		23,9 %	34,8 %	41,3 %	100,0 %
Leikanger		-	30	28	58
		-	51,7 %	48,3 %	100,0 %
Naustdal		37	32	28	97
		38,1 %	33,0 %	28,9 %	100,0 %
Selje		7	14	27	48
		14,6 %	29,2 %	56,3 %	100,0 %
Sogndal		69	77	72	218
		31,7 %	35,3 %	33,0 %	100,0 %
Stryn		51	81	88	220
		23,2 %	36,8 %	40,0 %	100,0 %
Vik		7	24	24	55
		12,7 %	43,6 %	43,6 %	100,0 %
Vågsøy		13	57	39	109
		11,9 %	52,3 %	35,8 %	100,0 %
Uklassifisert		-	-	-	12
		-	-	-	100,0 %
Total		558	672	839	2074
		26,9 %	32,4 %	40,5 %	100,0 %

* I dei tilfelle der færre enn fem svara ein gitt respons, vil svaret ikkje bli offentleggjort av omsyn til moglegheita for å kunne identifisere respondenten.
- ingen svar i denne kategori.

Vedlegg 3 – Kommuneoversikt per kjønn 2015

2015			
		Gutar	Jenter
	Askvoll	36	43
		45,6 %	54,4 %
	Aurland	26	15
		63,4 %	36,6 %
	Balestrand	15	12
		55,6 %	44,4 %
	Eid	71	63
		53,0 %	47,0 %
	Fjaler	21	27
		43,8 %	56,3 %
	Flora	206	201
		50,6 %	49,4 %
	Førde	139	152
		47,8 %	52,2 %
	Gaular	5	5
		50,0 %	50,0 %
	Gulen	9	11
		45,0 %	55,0 %
	Hyllestad	29	22
		56,9 %	43,1 %
	Høyanger	27	26
		50,9 %	49,1 %
	Jølster	52	38
		57,8 %	42,2 %
	Leikanger	29	27
		51,8 %	48,2 %
	Naustdal	51	46
		52,6 %	47,4 %
	Selje	21	28
		42,9 %	57,1 %
	Sogndal	120	97
		55,3 %	44,7 %
	Stryn	114	106
		51,8 %	48,2 %
	Vik	26	29
		47,3 %	52,7 %
	Vågsøy	59	51
		53,6 %	46,4 %
Total		1057	999
		51,4 %	48,6 %



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 63 80 00
E-post: post@sfj.no
www.sfj.no

Foto framside: Sindre Thoresen Lønnes/DNT